

Hyllestad kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 05.05.2015

Møtetid:

Kl. 09:00 –

Møtestad: Hyllestad kommunehus,
formannskapssalen

	Faste medleamar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Håkon S Giil, leiar	X		
2	Sylvia Helms, nestleiar		X	Meldt forfall
3	Stein Arne Solheim	X		
4	Øyvind Høie		X	Meldt forfall
5	Reidun Skår		X	
	Varamedleamar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Monica Ekreskar	X		
2	Per Egil Aske		x	Meldt forfall
Andre som møtte				
	SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim			
	KRYSS Revisjon ved Aud Marit Nyland Eide og Terje Førde			
	Rådmann Bente Nesse (sak 9 og 10, skriv /melding nr 4), økonomisjef Irene Bøe (sak 11, 12 og 13)			

Sak nr.	Sakstittel
009/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/15	Skriv og meldingar 5.5.15
011/15	Rekneskap og årsmelding 2014 - Hyllestad kommune
012/15	Prosjektrekneskap frå 3 investeringsprosjekt
013/15	Kommunen sitt finansieringsansvar for kyrkja
014/15	Oppfølgingsliste 2 - 2015
015/15	Eventuelt

Underskrifter:

Håkon S Giil, leiar

Stein Arne Solheim

Monika Ekreskar

Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

009/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 05.05.2015:

Sak 10, skriv/melding nr 4 vart handsama først i møtet på grunn av at rådmannen ikkje kunne delta lenger enn til kl 10.00.

Sak 15: Endra overskrift: Rekneskap og årsmelding 2014, Hyllestad kommune

HYL-009/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

010/15: Skriv og meldingar 5.5.15

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 05.05.2015:

Skriv og melding nr 4 vart handsama først.

Skriv og melding nr 4:

Skrivet «Vedkomande oppseiing» med vedlegg inneheld opplysningar kring oppseiing frå arbeidstakar.

Det vart vedteke samrøystes at møtet vart lukka under handsaming av skriv og melding nr 4. Vedteke med heimel i kommunelova § 31, 5 og offentleglova § 23, 1.

Utdelt til gjennomsyn i møtet:

Notat frå Håkon S Giil, datert 31.3.15

Notat frå Hyllestad kommune datert 13.4.15 med vedlegg.

Framlegg frå Håkon S Giil:

Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt ei sak om dette.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Møtet vart opna etter vedtaket om skriv og melding nr 4.

Samrøystes som tilrådinga.

HYL-010/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

011/15: Rekneskap og årsmelding 2014 - Hyllestad kommune

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 vert vedteken.

...

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 05.05.2015:

Økonomisjef Irene Bøe deltok på vegner av rådmannen.

Rett revisjonsmelding datert 7.4.15 vart delt ut i møtet.

Tilleggsframlegg til tekst i uttale frå Håkon S Giil:

Driftsrekneskapen er avslutta med eit netto driftsresultat stort kr 5 365 000 og eit mindreforbruk på kr 1 520 000. (Erstattar 3. avsnitt i framlegget).

Kontrollutvalet har merka seg at det i hovudsak har vore ein svært god budsjett disiplin innan ansvarsområda. Etter det som er opplyst vart det sett i verk innsparingstiltak innan dei einskilde einingane etter resultatrapporteringa 2. tertial, som til saman har sikra det gode resultatet for 2014. Dei tilsette har vist ein imponerende vilje til å ta ansvar, vise lojalitet og positiv medverknad til effektiv budsjettstyring. Innan einskilde einingar kan innsparingstiltaka likevel ha verka så effektivt at det kan ha fått uheldige verknader for arbeidsmiljøet og tenesteproduksjonen.

Omsorgstenesta har likevel eit større avvik (105.7 %) stort kr 1 993 000, etter at budsjettet vart oppjustert med 500 000 etter 2. tertial. Av dette utgjer overskridinga på vikarløner kr 1.3 mill. (budsjett 2.6 mill.) og overskriding på kjøp av vikartjenester kr 886 277 (budsjett 2.4 mill.). Kontrollutvalet kan ikkje utfrå årsmeldinga sjå kva tiltak som er iverksett for å få vikarutgiftene ned, men har merka seg at i oppfylginga av Revisjonsrapporten av 10.03.14 har etaten i skriv til rådmannen dagsett 25.02.2015 skissert følgjande under tiltak: «Det er semje om at vikarutgiftene er ei hovudutfordring når det gjeld kostnadsveksten».

Kontrollutvalet har elles merka seg at det ikkje er gjennomført medarbeidarsamtalar i helse- og omsorg. Etaten nemner manglande kapasitet som grunngeving. Kontrollutvalet viser til

tidlegare merknader når det gjeld medarbeidarsamtalar, og legg til grunn at dette vil verte prioritert i tida framover slik at ein kjem betre i samsvar med lov og regelverk.
(3 siste avsnitta kjem inn før siste linje i framlegget om tilråding)

Tilrådinga med tilleggsframlegg frå Håkon S Giil vart samrøystes vedteken.

HYL-011/15 Vedtak:

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 vert vedteken med følgjande tillegg:

Driftsrekneskapen er avslutta med eit netto driftsresultat stort kr 5 365 000 og eit mindreforbruk på kr 1 520 000. (Erstattar 3. avsnitt i framlegget).

Kontrollutvalet har merka seg at det i hovudsak har vore ein svært god budsjett disiplin innan ansvarsområda. Etter det som er opplyst vart det sett i verk innsparingstiltak innan dei einskilde einingane etter resultatrapporteringa 2. tertial, som til saman har sikra det gode resultatet for 2014. Dei tilsette har vist ein imponerende vilje til å ta ansvar, vise lojalitet og positiv medverknad til effektiv budsjettstyring. Innan einskilde einingar kan innsparingstiltaka likevel ha verka så effektivt at det kan ha fått uheldige verknader for arbeidsmiljøet og tenesteproduksjonen.

Omsorgstenesta har likevel eit større avvik (105.7 %) stort kr 1 993 000, etter at budsjettet vart oppjustert med 500 000 etter 2. tertial. Av dette utgjør overskridinga på vikarløner kr 1.3 mill. (budsjett 2.6 mill.) og overskriding på kjøp av vikartjenester kr 886 277 (budsjett 2.4 mill.). Kontrollutvalet kan ikkje utfrå årsmeldinga sjå kva tiltak som er iverksett for å få vikarutgiftene ned, men har merka seg at i oppfylginga av Revisjonsrapporten av 10.03.14 har etaten i skriv til rådmannen dagsett 25.02.2015 skissert følgjande under tiltak: «Det er semje om at vikarutgiftene er ei hovudutfordring når det gjeld kostnadsveksten».

Kontrollutvalet har elles merka seg at det ikkje er gjennomført medarbeidarsamtalar i helse- og omsorg. Etaten nemner manglande kapasitet som grunngeving. Kontrollutvalet viser til tidlegare merknader når det gjeld medarbeidarsamtalar, og legg til grunn at dette vil verte prioritert i tida framover slik at ein kjem betre i samsvar med lov og regelverk.
(3 siste avsnitta kjem inn før siste linje i framlegget om tilråding)

012/15: Prosjektrekneskap frå 3 investeringsprosjekt

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet rår til at prosjektrekneskap for prosjektnummer 1918, 1920 og 1922 vert godkjent.

...

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 05.05.2015:

Samrøystes som tilrådinga.

HYL-012/15 Vedtak:

Kontrollutvalet rår til at prosjektrekneskap for prosjektnummer 1918, 1920 og 1922 vert godkjent.

013/15: Kommunen sitt finansieringsansvar for kyrkja

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet kjem med følgjande uttale til framtidige prosessar med budsjett og økonomiplan:

Vi viser til «Kirken og kommunene - en veiledning» (rundskriv V-5/2002) og rår til at samhandlinga med kyrkja vert vurdert. Det bør etablerast rutine der omsyn til dialog mellom kyrkja og kommunen sine administrative organ og valde organ vert teke i vare.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 05.05.2015:

Tilleggsframlegg frå Håkon S Giil:

- Tillegg og endring i starten av 2. avsnitt: Vi viser til saksutgreiinga og til «Kirken og kommunene – en veiledning»....
- Ny siste setning: Ein ser det mellom anna som føremålstenleg at kommunestyret får seg førelagt fellesrådet sitt framlegg til budsjett som ein del av saksgrunnlaget når budsjettet skal førehavast.

Tilrådinga med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteken.

HYL-013/15 Vedtak:

Kontrollutvalet kjem med følgjande uttale til framtidige prosessar med budsjett og økonomiplan:

Vi viser til saksutgreiinga og til «Kirken og kommunene – en veiledning (rundskriv V-5/2002) og rår til at samhandlinga med kyrkja vert vurdert. Det bør etablerast rutine der omsyn til dialog mellom kyrkja og kommunen sine administrative organ og valde organ vert teke i vare. Ein ser det mellom anna som føremålstenleg at kommunestyret får seg førelagt fellesrådet sitt framlegg til budsjett som ein del av saksgrunnlaget når budsjettet skal førehavast.

014/15: Oppfølgingsliste 2 - 2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 05.05.2015:

Møteplan:

Møte den 16. juni vert flytta til onsdag 26. august.

HYL-014/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

015/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 05.05.2015:

Det var ingen saker under eventuelt.

HYL-015/15 Vedtak:

...

